

# Spørsmål til fylkesutvalet, 01. september 2023

Frist for å sende inn spørsmål: Onsdag 30.august 2023, kl 0900

## Oversikt mottekne spørsmål

Nr.	Avsender spørsmål	Tema
1.	Silja Ekeland Bjørkly (H)	Byggetrinn 2 på Stord vgs.
2.	Marthe Hammer (SV)	Anbud tannhelsetenester for 21-24 åringar

### 1. Silja Ekeland Bjørkly (H); Byggetrinn 2 på Stord vgs.

#### Spørsmål om Stord Vidaregåande skule

Stord vidaregåande skule er spredt på to ulike skoleanlegg der studiespesialiserende ligger på Saghaugen ved Stord ungdomsskole og yrkesfagene ligger på Vabakken. Avstanden mellom skolene er ca. 400 meter, men har hovedadkomstvegen til Leirvik som vesentlig barriere mellom skolene, som gjør at skolene i utstrakt grad fungerer som to separate skoler med liten kontakt med hverandre. Det foreligger som kjent planer for samlokalisering på Vabakken.

Ved pris og designkonkurransen som ble gjennomført i 2020-21 var kravet å vise en samlokalisert skole, dette var en vesentlig faktor ved evalueringen av innkomne forslag/tilbud. Yrkesfagdelen var beskrevet som byggetrinn 1 og studiespesialiserende var byggetrinn 2. Det var i konkurransen kun krav om innlevering av planløsninger ute og inne for samlokalisert skole dvs byggetrinn 1 og 2. Det ble kun bedt om bindende pristilbud på byggetrinn 1.

Yrkesfagdelen av nye Stord Vidaregåande skule er nå under bygging på Vabakken, alle bygninger er revet og det pågår grunn- og støpearbeider.

Foreliggende planer viser byggetrinn 1 og 2 som ett samlet anlegg, for å realisere byggetrinn 2 på et senere tidspunkt vil det være nødvendig å rive en del av de konstruksjoner som nå er under bygging i byggetrinn 1. Det gjelder deler av takkonstruksjon og yttervegg, samt en del interiørløsninger som krever ombygging. Oppdelingen i 2 byggetrinn krever også to adskilte tekniske løsninger for alle tekniske fag, VVS -fag og elektrotekniske fag.

Realiseringen av et byggetrinn 2 etter at byggetrinn 1 er fullført og innflyttet vil medføre vesentlige ulemper for skolens drift i byggetiden, det vil blant annet være en stor utfordring hvordan sikkerheten for elever og personale skal ivaretas på en fullgod måte. Dette knytter seg særlig adkomstforhold og riggplass, foruten støy og støvproblematikk i byggefase.

Det vil ha en vesentlig kostnadskonsekvens å dele prosjektet i to byggetrinn. Særlig knytter dette seg til bygningskonstruksjoner fra byggetrinn 1 som må rives, og utomhusarbeider som må bygges om. Det vil også være vesentlige tilleggskostnader knyttet til tekniske anlegg og en ny rigging vil bety økte kostnader.

Også skolens drift vil ha relativt store ulemper ved en oppdeling i to byggetrinn, organisasjonen må rigges på en annen måte og det vil være ulemper å drive skole på en byggeplass over en svært lang anleggsperiode. Den fysiske avstanden mellom skolene er en stor ulempe og var i sin tid hovedårsaken til at det ble satt i gang planlegging av et samlet skolebygg.

Nye Kvam vidaregåande skule var også i utgangspunktet planlagt i to byggetrinn. Ved vurdering av ulemper ved en oppdelt prosess, ble besluttet å gjennomføre prosjektet i ett byggetrinn. Vi ser nå fordelene av dette ved at det fra begynnelsen planlegges helhetlig og skolen vil fremstå som en ny og samlokalisert skole i regionen. Det er ennå tidlig i byggefase på Stord VGS byggetrinn 1, det er fortsatt tid til å få realisert en skole i en sammenhengende byggeperiode. Det må da snarest innhentes tilbud på byggetrinn 2.

### **Spørsmål:**

Med sikte på vesentlige kostnadsbesparelser og driftsfordeler, samt ulemper for elever i byggefasen, kan det vurderes å innhente tilbud på et byggetrinn 2 for Stord VGS, med sikte på en sammenhengende byggeperiode frem til et komplett anlegg slik de foreliggende planene viser?

### **Svar frå fylkesdirektøren**

Representanten Bjørkly peikar i innleiinga til sitt spørsmål, på mange og gode moment knytt til ei mest mogleg samla utbygging ved Stord vgs.

Det er likevel slik at dei opphavelge planane ikkje la til rette for ei slik løysing. Det som låg til grunn ved sist rullering av skulebruksplanen i Hordaland var ei rehabilitering av anlegget på Vabakken som seinare er justert til nybygg med førebuing for eit byggetrinn 2 med samlokalisering av alle fag.

Det er vidare slik at det romprogrammet som låg til grunn i konkurransen for å vise eit mogleg byggetrinn 2, vil ha trong for ei justering/kvalitetssikring i høve dagens og framtidens behov. Jf her det pågåande arbeidet med elevtalsgrunnlaget som Avdeling for opplæring og kompetanse no er inne i.

Det er rett som representanten peikar på at det samla sett vert høgare kostnader ved å bygge i to byggetrinn, men i eit så stort prosjekt er det begrensa. Det viktige for oss i konkurransen var å få vist ei framtidig effektiv utnytting av tomta. Dette ser vi som svært sentralt og viktig både økonomisk og driftsmessig i eit byggeprosjekt.

Dersom vi ev. skal framskande eit tilbud på byggetrinn 2 må det skje i tråd med lov om offentlege anskaffingar (LOA). Vi har ikkje høve til å tinge tilleggsarbeid til eksisterande kontrakt i denne storleik når dette opphavelge ikkje var med i konkurransen som ein opsjon eller liknande. Ein slik prosess krev uansett tid til programmering, utarbeiding av anbudsgrunnlag, gjennomføring av konkurranse/tilbudsperiode, evaluering og kontrahering.

Vi må og gjere merksam på at vi pr no ikkje har finansiering gjennom gjeldande budsjett 2023 / økonomiplan 2023-2026. Ei ev. framskunding av eit byggetrinn 2 vil krevje at dette vert teke inn i det pågåande budsjett-/økonomiplanarbeidet.

Byggetrinn 1 som no er under oppføring har svært stramme budsjetttrammer og det er ikkje teke høgde for å tinge førebuaende arbeid til eit byggetrinn 2. Det kan være hensiktsmessig at vi søker å kartlegge omfang av slike tiltak og ev tek høgde for det inn i det pågåande arbeid med budsjett 2024 / økonomiplan 2024-2027. Sentrale tiltak vil her være knytt til tilkomst, framtidig teknisk infrastruktur og førebuaende sprengings-/planeringsarbeid. Dette vil kunne minske ulempene noko for elevar og tilsette ved neste byggetrinn.

## **2. Marthe Hammer (SV); Anbud tannhelsetenester 21-24 åringar**

### **Spørsmål til fylkesdirektør og fylkesordførar i fylkesutvalets møte 1.september**

På doffin.no: <https://doffin.no/Notice/Details/2023-358715> kan ein lese at Vestland fylkeskommune har lagt ut eit anbud om «Kjøp av tannhelsetenester til 21-24-åringer i Bergen». Dette var nytt for meg som folkevald.

Fylkestinget hadde i mars ein lang debatt om styrking av den fylkeskommunale tannhelsetenesta i samband med interpellasjon om tannhelsereforma frå underteikna og eit fleirtal på 55 vedtok følgjande: «For å sikre eit tannhelsetilbod til heile befolkninga i Vestland, er det viktig at ein i gjennomføringa av ei tannhelsereform styrker og utvidar den offentlege fylkeskommunale tannhelsetenesta. Fylkestinget ser fram til meldt sak i juni om rekrutterings- og stabiliseringsmidlar.»

Det å utvide den offentlege tannhelsetenesta med rettigheter til 21 -24 åringane er mellom anna for å styrke og utvide kapasiteten i den offentlege tannhelsetenesta og eit rekrutteringstiltak for å sikre eit breiare pasientgrunnlag i en offentlege tannhelsetenesta. Lyser ein ut dette på anbod fell begge desse intensjonane vekk.

#### **Spørsmål til fylkesdirektør og fylkesordførar:**

- Det å legge ut eit tannhelsetilbod til 21 -24 åringane på anbod er ei stor og prinsipiell viktig politisk endring frå vedteken politikk i fylkestinget. Kvifor er ikkje dette anbodet lagt fram for politisk behandling?
- Kva er grunngevinga for at ein meiner ein må gå til anbod for å gi desse tenestene i Bergensområdet, men ikkje i resten av fylket?
- Kva andre løysingar og tiltak har ein forsøkt å gjennomføre for å sikre at dette kan gjerast innafør den fylkeskommunale tannhelsetenesta?
- Er dette drøfta med dei tillitsvalde i tannhelsetenesta? Kva er deira mening?
- Kva skal til for å trekke anbodet og sende saka tilbake til politisk behandling?»

#### **Svar frå fylkesordføraren**

##### **Kvifor er minianbod i Bergen nødvendig?**

Stortinget har sidan 2022 vedtatt at den offentlege tannhelsetenesta skulle gje eit tannhelsetilbod til 21-22-åringar, deretter 21-26 åringar og no 21-24-åringar. Det har vore ei forventning om at vedtaka skulle settast i verk omgåande, samstundes som det tok langt tid før oppdragsbrev frå helsemynde kom. Hyppige endringar, kombinert med lang ventetid på oppdragsbrev, har gjort det utfordrande for tannhelsetenesta å planlegge og gjennomføre utvidinga av sitt tilbod.

Det har vore forventingar om å raskt utvide ei teneste som allereie har utfordringar med å stabilisere og rekruttere nødvendig personell. Det tar lang tid å bygge nye klinikkar og rehabilitere dei gamle. Tannhelsetenesta har auka bemanninga der det har vore mogleg og på dagtid er det allereie full drift på tannklinikane i Vestland. For nokre få klinikkar i Bergen sentrum har auken i pasientmengd vore så stor at det ikkje er mogleg å ta unna trass i full bemanning og full drift.

Som ein av dei største studiestadane i Noreg, med svært mange pasientar i aldersgruppa 21-24 år, så har det vore særleg utfordrande for tannklinikkar i Bergen sentrum å gje eit tilbod til alle i gruppa i Bergen. Det er soleis fem tannklinikkar (Solheimsviken, Årstad, Loddefjord, Sælen og Fyllingsdalen) som har meldt tilbake at dei ikkje har kapasitet til å gje eit tilbod til alle i pasientgruppa 21-24 år.

For å kunne gi alle i den nye gruppa det tilbodet dei har krav på, utan at det skal gå ut over dei eksisterande pasientgruppene i den offentlege tannhelsetenesta, så er det behov for eit samarbeid med private fram til den offentlege tannhelsetenesta er godt nok rusta opp. Målet er at den offentlege tannhelsetenesta sjølv skal kunne ta hand om heile gruppa, men per i dag er situasjonen slik at tannhelsetenesta ikkje har kapasitet til å ta i mot alle i gruppa 21-24 år på grunn av den store mengda studentar i Bergen som er i alderen 21-24 år.

##### **Korleis gi alle 21-24 åringar tilbod på kort sikt?**

Fylkestannlegen har undersøkt om det var mogleg å inngå ein samarbeidsavtale med studentskipnaden Saman i Bergen om behandling av studentar i gruppa 21-24 år for å avlaste dei fem klinikane som ikkje har kapasitet til å ta inn desse pasientane. Juridisk seksjon i fylkeskommunen tilrådde at tannhelsetenesta gjekk ut med eit minianbod med avtale for 1 år og reservasjon om potensielle endringar i regelverket kring gruppa 21-24 år. Tannhelsetenesta har avgrensa utlysinga til det minste behovet for å kunne innfri ordninga med tannhelsetilbod til gruppa 21-24 år på kort sikt.

##### **Kunnskap om behovet til nye grupper**

Det er gitt rettar til ei heil ny aldersgruppe. Me veit om lag kor mange det er i denne aldersgruppa, men har ikkje enda nok kunnskap om kor mange som vil nytte tilbodet og kva behandlingsbehovet er. Ei av hovudutfordringane i norsk tannhelseteneste er at me per i dag veit for lite om tannhelsa til den vaksne

befolkninga og behandlingsbehovet deira. Tannhelseutvalet ser på korleis tannhelsetenesta kan få betre styringsdata for å kunne planlegge tenestene betre.

Tannhelsetenesta er i ein kartleggingsfase der me samlar erfaringar og kunnskap om den nye gruppa 21-24 år. Tannhelsetenesta får informasjon om og midlar til gruppa 21-24-åringar ut i frå kor mange personar som er folkeregistrert i fylket. Det er i tillegg mange studentar som beheld folkeregistrert adresse i anna fylke mens dei studerer i Bergen. Tannhelsetenesta er pålagt å gje også dei studentane som er midlertidig busette i fylket tilsvarende tilbod som andre 21-24-åringar i Vestland. Dette gjer at tannhelsetenesta på noverande tidspunkt ikkje har fått samla tilstrekkeleg kunnskap om totalantalet og behovet til gruppa 21-24 år til å kunne gjere endelege vurderingar om korleis og kvar det er føremålstenleg å bygge ut den offentlege tannhelsetenesta.

Eit godt samarbeid med privat tannhelseteneste, og då i hovudsak via tannhelsetilbodet til Studentsamskipnaden i Bergen, kjem både pasienten og den offentlege tannhelsetenesta til gode. Den offentlege tannhelsetenesta får tid til å samle nødvendig kunnskap til å bygge opp tilbodet i offentleg regi. Endringa har vore praktisk mogleg fordi me har hatt ein overgangsfase der pasientar har kunne gå privat og fått refundert tannbehandlinga av det offentlege.

Neste overgangsfase er eit minianbod i Bergen der pågangen er størst. Ei gradvis oppbygging av eit tilbod til gruppa 21-24 år i offentleg regi gjer at tannhelsetenesta har høve til å gjere eit grundigare førearbeid, slik at tenestene og tilbodet me bygger opp står seg over tid og er kunnskapsbaserte.

Den gradvise overgangen har også bidratt til å minske arbeidsbelastninga til tannhelsepersonellet i den offentlege tannhelsetenesta. Etter fleire tøffe år med koronaepidemi er det eit hardt pressa tannhelsepersonell som har måtte ta utfordringa med å gje tilbod til ei heil ny pasientgruppe på strak arm. Tilbakemeldingane frå dei tilsette er at avlastning frå privat tannhelseteneste har vore avgjerande for å unngå overbelastning av dei offentlege tannklinikane og deira tilsette.

Ved kapasitetsutfordringar i tenesta, slik som ved utviding av pasientgrupper utan at tenesta er tilstrekkeleg bygd ut til det, må tannhelsepersonellet gjere harde prioriteringar pasientar i mellom. Den offentlege tannhelsetenesta skal særleg fange opp og gje eit tilbod til sårbare grupper. Tilsette og klinikkleiarane erfarer at den store pågangen frå pasientar i gruppa 21-24 år gjer det enda meir utfordrande å gje eit tilstrekkeleg tilbod til alle grupper. Det er viktig at den offentlege tannhelsetenesta kontinuerleg sikrar at sårbare grupper er prioritert og får sitt lovpålagte tilbod.

### **Korleis sikre at alle prioriterte grupper får det tilbodet dei har rett på hos den offentlege tannhelsetenesta?**

Tannhelsetenesta har i sak til fylkesutvalet 3. mai 2022 *Dimensjonering, organisering, strukturendring og budsjett innan tannhelsetenesta* skildra kva langsiktige tiltak som er nødvendig for å auke tilbodet i den offentlege tannhelsetenesta:

- 1. Lokal/areal**  
Større areal og lokale for å kunne ta i mot den pasientmengda vi skal gi eit tilbod til.
- 2. Personale**  
Ressursar til å kunne rekruttere og stabilisere personell med riktig kompetanse.
- 3. Utstyr**  
Ressursar til nødvendig utstyr og vedlikehald av det.
- 4. Administrative kostnader**  
Eit auka tilbod frå den offentlege tannhelsetenesta vil også føre til eit auka behov for støttefunksjonar i stab.

I sak til fylkesutvalet 9. februar 2023 *Nye prioriterte grupper i den offentlege tannhelsetenesta* har tannhelsetenesta lagt fram alternative løysingar som sikrar pasientane gode tenester også på kort sikt, fram til den langsiktige gradvise oppbygginga er gjennomført.

Føreslåtte tiltak er:

- Utvida opningstid på tannklinikane
- Turnusarbeid for tannhelsepersonell på kvardagar og helgevakter

### **Involvering av tilsette og tillitsvalde**

Føreslåtte tiltak med utvida opningstid på tannklinikane og å opprette turnus er diskutert med tillitsvalde. Minianbodet for å kunne gjennomføre det vedteke tilbodet til 21-24-åringar i Bergen sentrum er derimot ikkje diskutert med tillitsvalde, sidan det ikkje har relevans for arbeidsvilkåra til tilsette i tannhelsetenesta i Vestland fylkeskommune. Det handlar om å kunne gje det pasienttilbodet som me er plikta til ut i frå dei noverande tilhøva med lokale og bemanning.

Ønsket om avlastning frå privat teneste i ein overgangsperiode har brei tilslutning frå tilsette, då alternativet ville ført til ein forverra belastninga for dei tilsette. Klinikkleiarane har vore svært tydelege på at fram til den offentlege tannhelsetenesta er tilstrekkeleg rusta opp, så vil det ikkje vere praktisk mogleg å gje alle i den nye gruppa eit tilbod ved offentleg klinikk samtidig som ein opprettheld det lovpålagt tilbodet til andre grupper. Dei har vidareformidla bekymring for belastninga det vil vere for dei tilsette og korleis me framleis kan gje eit forsvarleg tilbod til sårbare grupper dersom ein også skal gje eit tilbod til alle 21-24-åringar i Bergen når det allereie er sprengt kapasitet på dei sentrumsnære klinikane.